



Til kommunane, friluftsråd, Hordaland idrettskrets
og Bergen og Hordaland Turlag

Dato: 20.06.2014
Vår ref.: 2014/18013-1
Saksbehandlar: hanespe
Dykkar ref.:

Halvtårsbrev juni 2014

Informasjon frå kultur- og idrettsavdelinga, seksjon for idrett og friluftsliv

«PREMISS: KULTUR» - Regional kulturplan for Hordaland 2015-2025 er sendt ut på høyring med frist 26. september. Visjonen for regional kulturplan er å vidareutvikle Hordaland som ein leiande europeisk kulturregion. Dette skal sikrast gjennom både det som blir ein pilot i nasjonal samanheng kor ein ønskjer å plikte dei ulike forvaltningsnivåa i tillegg til ei samordning av ressursar på tvers av sjangrar, verksemder og forvaltningsnivå. Kulturplanen gjev uttrykk for ein ambisjon om å vere grenseoverskridande og nyskapande og å ta vare på og utvikle verdier. Kultur- og naturarv skal ivaretakast, tradisjonar vidareutviklast og utfordrast i tillegg til at nye uttrykk skal skapast.

Planen inkluderer heile spekteret i kulturlivet: museum og kulturminnevern, arkiv, kunstproduksjon og kulturformidling, bibliotek, fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv. Det er mange innsatsområde og tiltak, og såleis er det viktig at de i høyringa gir attendemelding på kva de meiner bør prioriteres. Det blir arrangert ein innspelskonferanse for heile Hordaland **20. august i Bergen**.

I samband med arbeidet med regional kulturplan ønskjer me å ta ein ny runde med kommunebesøk der me kombinerer ein samtale knytt til status på kommunen sin plan for idrett og friluftsliv, innspel til regional politikk på fagområdet kombinert med synfaring av ulike anlegg. Ein tett dialog og bidrag til dykkar lokale aktivitets- og anleggsutvikling er noko vi prioriterer veldig høgt. Ta kontakt med Britt Karen Spjeld, britt.karen.spjeld@hfk.no om de ønskjer besøk frå seksjon idrett og friluftsliv!

Helsedirektoratet lanserte 7. mai kampanjen «Dine30». Målet er å inspirere fleire til meir kvardagsaktivitet, og at folk skal få informasjon om kor lite aktivitet som skal til før effekten er merkbar på kropp og sinn. Det er utvikla **kampanjemateriell** som kommunane kan nytte til å marknadsføre sine lokale tilbod. Sjå også helsenorge.no/dine30 og [facebook.com/dinetretti](https://www.facebook.com/dinetretti)

Som ein konsekvens av idrettsmeldinga Meld.St.26 (2011-2012) «den norske idrettsmodellen» er det større endringar enn vanleg i Føresegner om tilskot til anlegg for idrett og fysisk aktivitet 2014. Desse vil bli gjennomgått på Dialogkonferansen 2.-3. september.

Fleire kommunar er i prosess med å rullere/revidere sine kommunedelplanar for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv. Kulturdepartementet har utarbeid ein revidert utgåve av rettleiar «Kommunal planlegging for idrett og fysisk aktivitet». Denne skal vere sendt til alle kommunar.

Målet for **Friluftslivets år 2015** er å bidra til varig auka deltaking i friluftsliv, og gje auka merksemd om friluftslivet. Friluftslivets år 2015 vil ha fokus på friluftsliv i nærmiljøet, fritidsfiske, barn og barnefamiliar, oppleving av kulturminner i naturen, friluftslivet sin positive effekt knytt til folkehelse og auka kunnskap om allemannsretten. Dette er tredje gong at friluftslivets år vert markert og vi vonar dykk alle vi bidra til å synleggjere feltet med ei rekke aktivitetar i heile fylket. FÅ2015 er tema på Dialogkonferansen 2.-3. september.



Klima- og Miljødepartementet skal utarbeide **ny stortingsmelding om friluftsliv** og ber om forslag til tema den bør omhandle innan 19. september. Kultur og ressursutvalet skal handsame sak om innspel frå Hordaland fylkeskommune den 16. september, og om de har forslag de ønskje vi skal ta med er det fint om de sender dette til Eirik Knive **innan 20. august**.

Miljødirektoratet har munnleg varsla om at dei snarleg vil utlyse midlar til **kartlegging og verdisetjing av friluftsområder i kommunane**. Det er fylkeskommunane som kan søke på desse midlane på vegne av kommunane med frist 1. september. Det er eit statleg mål om at alle kommunar skal ha gjort ei slik kartlegging og verdisetjing innan 2018, og at det truleg vert sett som premiss for å kunne søke om statleg medverknad til sikring av friluftsområder etter dette. Ei kartlegging og verdisetjing av friluftsområder er eit særst nyttig verktøy i dei kommunale planprosessane. Såleis ønskjer vi ei attendemelding frå dykk **innan 25. august** om de ønskjer å ta del i dette arbeidet og vere ein del av søknaden frå Hordaland fylkeskommune. Vi vidaresender meir informasjon så snart vi får det frå Miljødirektoratet,

Kr 90.499.000 i spelemidlar til anlegg for idrett og fysisk aktivitet vart fordelt av Kultur- og ressursutvalet 13. mai. For 2014 var det 294 godkjente søknader frå alle 33 kommunane med ein samla godkjent søknadssum på kr 361.818.000. Saka finn de på <http://www.hordaland.no/idrett> Tildelingsbrev og avslagsbrev er sendt søkarane med kopi til kommunen.

Hordaland fylkeskommune sitt **investeringstilskot til idrettsanlegg med regional og nasjonal verdi** vart handsama av Kultur og ressursutvalet 13. mai og fylkesutvalet 20. mai 2014. Store og kostnadskevjangende idrettsanlegg som skal arrangere nasjonale og internasjonale meisterskap er prioritert. Det vart totalt fordelt kr 4.000.000 til Hellenen bad- og symjeanlegg, Bergen Tennisklubb og Voss ski- og tursenter. **Søknadsfrist for 2015 er 15. mars**. I samband med utarbeiding av regional kulturplan er me avhengig av innspel frå kommunane på anlegg de har eller planlegg i dykkar kommune som er av **regional verdi**. Frist for innspel er **26. september** til Bjørge Larsen. Minner også om at dei som ikkje har gjort det, kompletterer tabellen for handlingsprogram for anleggsutvikling og returnerer til Bjørge Larsen så snart som mogeleg.

Dato for årets **Dialogkonferanse er 2. - 3. september i Kvinnherad kommune**. Invitasjon med program er vedlagt og ligg på [våre heimesider](#). Kommunane Kvinnherad, Etne og Tysnes har delteke i programkomiteen. Påmeldingsfristen er **1. august 2014** på Dialogkonferansen idrett og friluftsliv 2014. Vi prøver å koordinere samkøyring så gje melding om du har bil eller behov for transport ved påmelding. Om de har spørsmål ta kontakt med Hanne Espe, hanne.espe@hfk.no

Nybyrjarkurs i anleggsregistreringssystemet idrettsanlegg.no for tilsette i kommunane vert arrangert **16. september**. I dei kommunane der det er ulike personar som sakshandsamar spelemidlar til idrettsanlegg og kulturbygg, bør personar med ansvar for kulturbygg også delta på kurset. Ta med bærbar pc. **Påmeldingsfristen er 12. september til kultur@post.hfk.no. 26. november** vert det tilrettelagt for **open dag** i fylkesbygget der kommunar kan ta med søknader og arbeide med dei direkte i publikumsportalen idrettsanlegg.no under rettleiing frå fylkeskommunen. Ta med bærbar pc. Etter ønskje frå kommunane kan fylkeskommunen bidra med kursleiarar på interkommunale kurs m.o.t. søknadsprosedyrer på idrettsanlegg.no, for ei breiare deltagergruppe. Ta kontakt med Bjørg Larsen, bjorg.larsen@hfk.no om dette er av interesse for din region. Alle kompetansetilbod knytt til idrettsanlegg.no er gratis. Deltakarane dekkjer reise sjølve.

Helleren bad- og symjeanlegg opnar i haust og i slutten av november inviterer vi til nettverkssamling **knytt til drift- og vedlikehald** av symjehallar. Det vert synfaring på heile anlegget (inkl. idrettshallen) og Bergen kommune delar sine erfaringar og tek ein gjennomgang av **Kursstige bad** (utarbeida av BAD, PARK OG IDRETT og Fagforbundet). Samlinga er gratis og påmeldingsfrist til kultur@post.hfk.no innan 13. november.

Fylkeskonferansen kultur og idrett blir arrangert **11.-12. november 2014** på **Thon Hotel Sandven i Norheimsund**. Hovudtema for heile konferansen vert **med plan for kultur**. Den **12. november** vert det arrangert **ein fagdag om idrett og friluftsliv der fokus vert på planlegging for å sikre areal/anlegg til fysisk aktivitet og dagleg fysisk aktivitet for barn og unge i skulen**. Gode døme vert presentert og politikarar på ulike nivå og leiarar frå idretten og friluftsliv blir utfordra i høve til kva som skal til for å lukkast å gå frå ord til praktisk samhandling med dette arbeidet. Målgrupper for konferansen er fylkes- og kommunepolitikarar, tilsette med ansvar for idrett og friluftsliv, folkehelse og planleggarar i kommunane, og leiarar i idretts- og friluftslivorganisasjonar på alle nivå. Endeleg program er klårt medio september.

Tilskot til lokale friluftslivstiltak 2014 vart samordna med andre fylkeskommunale og statlege tilskotsmidlar. Det var 36 søknader til lokale friluftslivstiltak med ein samla søknadssum på kr 1.258.435. For 2014 var det sett av **kr 400.000** til lokale friluftslivstiltak. Les meir om prosjekta som fekk tilskot på www.hordaland.no/idrett Søknadsfrist for 2015 er 15. februar.

Til den **statlege tilskotsordninga til lokale friluftstiltak** var det **kr 820.000** til fordeling. Det kom det inn 39 søknader med ein samla søknadssum på kr 1.557.730. Fordelinga finn de på [våre heimesider](#). Søknadsfrist for 2015 er 1. februar.

På basis av dei gode erfaringane knytt til gradering og merking av turløyper er **vestlandsprosjektet** utvida til eit **nasjonalt samarbeid «det merkes i heile landet» 2014-2016**. Det kom inn 27 søknadar med tiltak i 20 kommunar med ein samla godkjent søknadssum på kr 2.683.000. Det var kr 2.521.000 til fordeling i Hordaland. Søknadane viser eit stort engasjement i

heile fylket for å gjera ein innsats for betre merking av turløyper til glede for ålmenta. Fordelinga av midlar finn de på [våre heimesider](#). Me oppmodar alle kommunar, lag og foreiningar til å sende oss bilete og lokale presseoppslag frå prosjekta. Søknadsfrist for 2015 er 15. februar. Dei fleste prosjekta hittil gjeld vandring, og såleis oppmodar me dykk om også å søke om midlar knytt til prosjekt for ski, sykkel og padling.

Kultur og ressursutvalet tildelte 13. mai kr 900.000 i **tilskot til barne og ungdomstiltak knytt til fysisk aktivitet og idrett**. Det kom inn 25 søknader med godkjent søknadssum kr 1.313.000. Tildelinga vart sett i samanheng med andre statlege og fylkeskommunale tilskotsordningar innan fysisk aktivitet, idrett, friluftsliv og folkehelse. Utviklingsprosjekt der målgruppa er medverkande, der det er samarbeid mellom ulike aktørar og der vi ser ein overføringsverdi til andre organisasjonar/kommunar vart prioritert. Tildelinga finn de på www.hordaland.no/idrett. For 2015 er søknadsfristen 15. februar.

1.-5. september 2014 vert det arrangert Camp Herdla, for psykiatrien i Hordaland i samarbeid med m.a. Askøy kommune.

Fleire kommunar har søkt om tilskot til - eller har hatt planar om å arrangere aktivitetsdagar/veker for funksjonshemma. Vi ønskjer gjerne å vere ein samarbeidspart ved slike regionale arrangement for særlege grupper, og oppmodar kommunane om å samarbeide på tvers av kommunegrensene. Ta kontakt med [Hanne Espe](#) om de har spørsmål om dette.

Viser elles til våre internettsider www.hordaland.no/idrett Hanne Espe og Eirik Knive har ansvar for å oppdatere og vidareutvikle form og innhald. Kom gjerne med kommentarar og innspel til forbetringar. Vi ønskjer at de skal kunne bruke denne nettsida som eit hjelpemiddel i dykkar sakshandsaming, samt som ein informasjonskanal der vi legg ut aktuelle saker for våre område. Vi oppmodar alle å abonnere på sida og få epost når det kjem nye saker. Vi er også på [facebook: Idrett og friluftsliv i Hordaland](#). Målet med denne sida er å ha ein kanal for å dele informasjon på ein enkel og rask måte.

Ha ein fin og aktiv sommar!

Anna Elisa Tryti
fylkesdirektør kultur og idrett

Britt Karen Spjeld
Fylkesidrettssjef

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.